



Agenda AU-møte nye Ålesund 7. mars

Dato: 7. mars 2017
Tid: kl. 9 til 11
Møteleiar: Eva Vinje Aurdal
Stad: Ålesund Rådhus, 9. etg. - møterom syd

- 1. Velkomen til ny ordførar i Ørskog kommune Knut Helge Harstad.**
Presentasjonsrunde og litt og arbeid og ansvar for AU og styringsgruppa.
Innspeil frå Harstad – sjå eigen e-post.
- 2. Kort statusorientering frå koordinator**
Kort kulepunktliste om framdrift/møter sidan sist (sender dykk måndag)
- 3. INFOskriv nr. 1/2017/nye kommunar/FMMR datert 2.3.17 – viktig!**
E-post frå prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad vert vidaresendt til dykk. Ho kan sjølv orientere i styringsgruppemøtet 13.3..
- 4. Haram kommune**
I pressekonferanse 22.2. informerte regjerings- og støttepartia at inneklemt kommunar skal inngå i kommunesamanslåing, for oss gjeld dette Haram kommune. Det visast også til lokal presseomtale. Korleis forhold AU og styringsgruppa seg til denne informasjonen fram til eit formelt Stortingsvedtak?
- 5. Første skisse til budsjett 2017-2020** (kostander og inndekning) for prosjektet etablering av nye Ålesund og økonomiske bindingar i intensjonsavtalen. Det er Fellesnemnda som formelt skal godkjenne budsjettet, styringsgruppa må førebu eit budsjettutkast. Vedlegg.
- 6. Budsjettvedtak om frikjøp av eitt årsverk frå kommunikasjonsteamet i Ålesund kommune.**
Kommunesamanslåinga i nye Ålesund bli truleg den største i landet. For å lukkast må informasjons- og kommunikasjonsarbeidet prioriterast både innad i kommunane, mot innbyggjarane og mot lokal og nasjonal media/presse. Arbeidet kan ikkje vente til Fellesnemnda er oppretta. Kommunikasjonsressurs bør vere på plass i god tid før Regjeringa legg fram innstillinga til ny kommunestruktur før påske. Prosjektkoordinatoren tilrår:
 - AU/styringsgruppa vedtek at prosjekt etablering av nye Ålesund skal ha ein kommunikasjonsansvarleg person på heiltid 2017-2020.
 - AU/styringsgruppa forskotterer bruk av eingongstilskotet til frikjøp av kommunikasjonsressurs (eitt årsverk) frå kom.teamet i Ålesund kommune frå 20.3.
- 7. Kommunikasjonsarbeidet v/Anne Bente Skjellum**
Korleis koordinere/felles talepunkt for AU – rutiner for dette framover. Felles nettportal.
Powerpointmal for prosjektet vedlagt.

8. Organisasjonskart for prosjektet

Utkast vedlagt. Delprosjekt som enno ikkje er oppretta er også innteikna. Prosjektkoordinatoren tilrår at organisasjonskartet vedtakast i AU/styringsgruppa med tillegg om at kartet framleggast til ny beslutning etter kvart prosjektorganisasjonen endrar seg.

9. Mandat for delprosjekta for dei som er klare (sender dykk måndag)

Delprosjekt 1: Personal og omstilling (har hatt tre møter)

Delprosjekt 2: Kommunikasjon (har hatt tre møter)

Delprosjekt 3: Interkom. samarbeid kartlegging mai 17 (har hatt to-tre møter)

Delprosjekt 4: IKT og digitalisering (oppstartsmøte i 28.2.)

Delprosjekt 5: Arkiv (oppstartsmøte snart)

Delprosjekt 6: Økonomi (ikkje oppretta enno)

Delprosjekt 7: Innkjøp (ikkje oppretta enno)

Delprosjekt 8: Matrikkelen, kart m.v. (ikkje oppretta enno)

Delprosjekt 9: Planstrategi og plansamordning (ikkje oppretta enno)

Delprosjekt 10: Kulturbygging og verdier (oppstartsmøte 24.3.)

Delprosjekt demokrati og medverknad *(ikkje oppretta enno)*

Delprosjekt Politisk organisering *(ikkje oppretta enno)*

Delprosjekt administrativ organisering *(ikkje oppretta enno)*

Sektorvise delprosjekt *(ikkje oppretta enno)*

10. Innovasjon i praksis v/Bente V. Glomset

1) Utkast til søknad til FMMR (frist 17.3.)

Utkast vedlagt. Utdrag frå teksten:

«Bygging av ny kommune skal bere preg av innovasjon og fornying, ikkje berre fusjonering. Når den nye kommunen står klar i 2020 skal den både ha skapt noko nytt, ha etablert ein varig innovasjons- og utviklingskultur og innovasjonskapasitet. Nye Ålesund kommune ønskjer å utnytte moglegeheitsrommet vi har i byggjeprosessen 2017-2020 til å utvikle både strukturar og kultur som fremmer fornying og innovasjon på ein meir systematisk måte enn det kvar enkelt kommune har tradisjon for i dag.»

2) Gruppearbeid i styringsgruppemøtet ifm. innovasjon

Bente og Anne Mette legg fram forslag til gruppearbeid/programbolc på ca 1,5 time

11. Delta i KS sitt tilbod om innbyggerundersøking

<http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/lokaldemokrati-og-folkevalgt/lokaldemokratiundersokelse/hvor-godt-er-lokaldemokratiet-i-din-kommune/>

12. Nye Ålesund som godt eigna vertskommune for ny tilflytting av statleg verksemd

Planlegging av korleis vi kan lansere nye Ålesund i dette:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20162017/id2539348/> - sjå særleg

«Plan for lokalisering av statlege arbeidsplassar»

13. Program/agenda for styringsgruppemøte 13.3. på Skodje (sender dykk måndag)

14. Anna?



Referat AU-møte

Dato: 7. mars 2017
Tid: kl. 9 til 11
Møtleiar: Eva Vinje Aurdal
Stad: Ålesund Rådhus, 10. etg.

Deltakarar: Eva Vinje Aurdal (frå 9.30), Dag Olav Tennfjord, Knut Helge Harstad, Oddvar Myklebust, Astrid Eidsvik, Bente Glomset Vikhagen, Synnøve Vasstrand Synnes, Kim André Breivik, Anne Berit S. Emblem (koordinator) og Anne Bente Skjellum (kommunikasjonsansvarleg).
Forfall: Ingen.

1. **Velkomen til ny ordførar i Ørskog kommune Knut Helge Harstad.**

AU ønskte den nye ordføraren i Ørskog velkomen til kommunereformarbeidet.

Harstad hadde første orientering til AU om viktige vegprosjekt i Ørskog, AU vil ta dette igjen som eiga sak i løpet av våren.

2. **Statusorientering frå koordinator**

Koordinator orienterte om framdrift/møter i veke 7 til 10 ut frå eigen statusrapport.

3. **INFO-skriv nr. 1/2017/nye kommunar/FMMR datert 2.3.17.**

Dette vert orienteringssak i styringsgruppemøtet 13.3. Prosjektleiari for kommunereforma Vigdis Rotlid Vestad, Fylkesmannen i MR er invitert for å gi ei orientering i møtet.

4. **Haram kommune**

I pressekonferanse 22.2. informerte regjerings- og støttepartia at inneklemt kommunar skal inngå i kommunesamanslåing, for oss gjeld dette Haram kommune. Det visast også til lokal presseomtale. AU meiner at nye Ålesund fortset arbeidet som før. Her er open plass til Haram både i styringsgruppe, AU og delprosjekt dersom/når dei sjølve vel å melde seg på arbeidet.

5. **Første skisse til prosjektbudsjett 2017-2020 (kostander og inndeckning)**

Koordinator presenterte første skisse til budsjett 2017-2020 for prosjektet etablering av nye Ålesund (prosjektbudsjett) og økonomiske bindingar i intensjonsavtalen. AU tek skissa til orientering, denne vert også presentert i styringsgruppemøtet. Det er Fellesnemnda som formelt skal godkjenne prosjektbudsjettet, styringsgruppa/koordinator må førebu utkast.

6. **Budsjettvedtak om frikjøp av eitt årsverk frå kommunikasjonsteamet i Ålesund kommune.**

Kommunesamanslåinga i nye Ålesund bli truleg den største i landet. For å lukkast må informasjons- og kommunikasjonsarbeidet prioriterast både innad i kommunane, mot innbyggjarane og mot lokal og nasjonal media/presse. Arbeidet kan ikkje vente til Fellesnemnda

er oppretta. Kommunikasjonsressurs bør vere på plass i god tid før Regjeringa legg fram innstillinga til ny kommunestruktur før påske. AU tilrår:

- a. Styringsgruppa vedtek at prosjekt etablering av nye Ålesund skal ha ein kommunikasjonsansvarleg person på heiltid 2017-2020.
- b. Styringsgruppa forskotter bruk av eingongstilskotet til frikjøp av kommunikasjonsressurs (eitt årsverk) frå kom.teamet i Ålesund kommune frå 20.3.

7. Kommunikasjonsarbeidet v/Anne Bente Skjellum

Kommunikasjonsansvarleg tok opp behovet for koordinering/ rutiner for felles talepunkt framover. Felles nettportal er under planlegging. Powerpoint- og wordmalar for nye Ålesund er straks klare.

8. Organisasjonskart for prosjektet

AU gjennomgikk utkast. Delprosjekt som enno ikkje er oppretta er innteikna med stipla linjer. AU tilrår at organisasjonskartet vedtakast i styringsgruppa, og at oppdatert kart framleggast til ny beslutning etter kvart prosjektorganisasjonen endrar/utviklar seg.

Oversikt delprosjekt – status:

Delprosjekt 1: Personal og omstilling (har hatt tre møter)

Delprosjekt 2: Kommunikasjon (har hatt tre møter)

Delprosjekt 3: Interkom. samarbeid kartlegging mai 17 (har hatt to-tre møter)

Delprosjekt 4: IKT og digitalisering (oppstartsmøte i 28.2.)

Delprosjekt 5: Arkiv (oppstartsmøte snart)

Delprosjekt 6: Økonomi (innstiller på å opprette dette)

Delprosjekt 7: Innkjøp (innstiller på å opprette dette)

Delprosjekt 8: Matrikkelen, kart m.v. (innstiller på å opprette dette)

Delprosjekt 9: Planstrategi og plansamordning (innstiller på å opprette dette)

Delprosjekt 10: Kulturbygging og verdier (oppstartsmøte 24.3.) – her må også politisk repr. inn.

Delprosjekt Demokrati og medverknad (*ikkje oppretta enno*)

Delprosjekt Politisk organisering (*ikkje oppretta enno*)

Delprosjekt Administrativ organisering (*ikkje oppretta enno*)

Sektorvise delprosjekt (*ikkje oppretta enno*)

Eventuelt andre delprosjekt.

9. Innovasjon i praksis - utkast til søknad til FMMR (frist 17.3.)

Bente Glomset Vikhagen gjennomgikk utkast, AU fremmer dette som sak til styringsgruppemøtet. Utdrag frå teksten:

«Bygging av ny kommune skal bere preg av innovasjon og fornying, ikkje berre fusjonering. Når den nye kommunen står klar i 2020 skal den både ha skapt noko nytt, ha etablert ein varig innovasjons- og utviklingskultur og innovasjonskapasitet. Nye Ålesund kommune ønskjer å utnytte mogelegheitsrommet vi har i byggjeprosessen 2017-2020 til å utvikle både strukturar og kultur som fremmer fornying og innovasjon på ein meir systematisk måte enn det kvar enkelt kommune har tradisjon for i dag.»

10. Gruppearbeid i styringsgruppemøtet - visjon og verdier for nye Ålesund kommune

Bente Glomset Vikhagen, Anne Bente Skjellum og Anne Mette Liavaag leier eit gruppearbeid for dette temaet på 1,5 time i komande styringsgruppemøte.

11. KS sitt tilbod om innbyggjarundersøking

AU innstiller på at nye Ålesund skal melde si interesse for å delta i denne undersøkinga. Vi må samtidig informere KS om at også Haram kommune kan kome med i undersøkinga for nye Ålesund. Link til undersøkinga: <http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/lokaldemokrati-og-folkevalgt/lokaldemokratiundersokelse/hvor-godt-er-lokaldemokratiet-i-din-kommune/>

12. Nye Ålesund som godt eigna vertskommune for ny tilflytting av statleg verksemd

AU opprettar ei mindre arbeidsgruppe til å skrive eit vurderingsnotat om kva kvalifikasjonar nye Ålesund har som gjer oss eigna vertskommune for ny statleg verksemd. Grappa består av Dag Olav Tennfjord, Tore Øvstebø, kommunikasjonsansvarleg og prosjektkoordinator. Her er Meld.St.18: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20162017/id2539348/> - sjå «Plan for lokalisering av statlege arbeidsplassar»

13. Program/agenda for styringsgruppemøte 13.3. på Skodje

Utkast til program er ok, gruppearbeidet setjast som eiga sak.

Anne Berit Støyva Emblem

referent